



Til innbyggjarar som er født i perioden 2003 – 1957

9. april 2020

OBS: Brevet vart endra 16. april etter oppdatert informasjon om vaksinerings av risikopasientar. Ny tekst er markert med gult.

No kan du registrere deg for koronavaksinasjon!

Gjer deg klar til å få tilbod om koronavaksine. Her finn du lenke til registreringssida og kan lese meir om koronavaksinasjon i Alver kommune:

<https://www.alver.kommune.no/korona/koronavaksine/>.

Hugs å leggje inn telefonnummeret ditt når du registrerer deg – helst mobil, om du har det.

Du treng ikkje registrere deg om du allereie er vaksinert eller har fått time til vaksinerings.

Er du i ei av risikogrubbene på grunn av underliggende sjukdom?

Er du mellom 18 og 64 år og i ei av [risikogrubbene](#) på grunn av underliggende sjukdom? Du treng du ikkje registrere deg eller ta kontakt med fastlegen din eller kommunen. Vi har fått lister frå fastlegene over kven som tilhører risikogruppe 5-7. Er du i ei av desse grubbene, får du ei tekstmelding med time til vaksinerings i Nordhordlandshallen.

Bur du i Alver og har fastlege i ein annan kommune? Sjekk den aktuelle kommunen sin nettside for informasjon om korleis du får koronavaksine frå fastlegen din.

Dersom du ikkje kan få vaksine hos fastlegen din i ein annan kommune eller du ikkje har fastlege, ta kontakt med innbyggjarservice på 56 37 50 00.

Kva skjer etter at du har registrert deg?

Du får ei tekstmelding frå systemet som stadfestar at du har registrert deg. Når det blir din tur til å bestille time, får du ei ny tekstmelding med beskjed om kor og korleis du bestiller time til koronavaksinasjon. Er du mellom dei yngste i denne gruppa, kan det ta mange veker før det blir din tur.

Treng du hjelp til å registrere deg?

Det er mogleg å hjelpe kvarandre med registreringa. Spør nokon som står deg nær om hjelp.

Om du ikkje kjem i mål på eiga hand, kan du ringe koronasenteret på 56 37 59 00.



Når er det din tur?

Folkehelseinstituttet har laga ei [prioriteringsrekkefølge for vaksining](#).

Vi får for tida berre 1-2 veker forvarsel på kor mange dosar vi får kvar veke. Vi kan difor ikkje lage ein tidsplan som visar når det er din tur, men ber alle om å følgje med på nettsida og Facebook-sida til kommunen for oppdatert informasjon.

Transport på vaksinasjonsdagen

Helsedirektoratet har bestemt at reise til og frå vaksinasjonshallen ikkje blir dekt gjennom pasientreise-ordninga. Dette betyr at du må sørge for transporten sjølv. Dersom du ikkje køyrer bil eller kan ta buss, spør om hjelp frå familien eller nokon du kjenner. Har du TT-kort, kan du bruke dette.

Har du ingen andre moglegheiter, ta kontakt med innbyggjarservice på 56 37 50 00, så skal vi hjelpe deg.

Er du sjuk på vaksinasjonsdagen?

Hald deg heime og meld ifrå til innbyggjarservice på 56 37 50 00 at du ikkje kjem, så finner vi eit nytt tidspunkt som passar.

Dette må du ta med deg

- Ta med ID-kort (bankkort, sertifikat, pass eller liknande)
- Vaksinen blir sett i overarmen. Det er difor ein fordel om du har på deg klede som er lette å ta av og på. Ha gjerne på deg ei korterma skjorte eller trøye.

På sjølve vaksinasjonsdagen

- Pass på at du held avstand til dei andre som også skal vaksinere seg denne dagen og følgjer smitteverninstruksjonane både utanfor og inne.
- Sjølve vaksinasjonen tar berre nokre få minutt, men du må rekne litt tid til registrering og observasjon etter stikket. Du bør setje av minst ein time frå du kjem til du går.

Lurar du på noko?

Er du usikker på om du skal ta vaksinen fordi du har ein eller fleire sjukdomar? Ta kontakt med fastlegen din for å få råd.

Du finn også meir informasjon her:

- Alver kommune: www.alver.kommune.no/korona
- Helsenorge: www.helsenorge.no/koronavirus/koronavaksine/
- Folkehelseinstituttet: www.fhi.no/sv/vaksine/koronavaksinasjonsprogrammet/

Takk til alle som bidrar for å hindre smitte!



ALVER
KOMMUNE

Beste helsing,
Terese Folgerø
Kommuneoverlege og smittevernoverlege i Alver kommune

.....